



Ørnulf Mykelbust steller fint med Arendalssnekka si på Neset i Uskedalen

Ørnulf Myklebust med familien bur i Horsens, sør for Århus i Danmark. Kvar sommar er han heime i hytta på Neset. Då nyttar han tida til å jobba med snekka si, ei Arendalssnekke på 21 fot og som har høyrte til plassen sidan 1970.

Ørnulf har hatt interesse for snekker og båtmotorar sidan tidleg barndom. Alt som 6 åring prøvde han å starta ein bensinmotor. Det førte til at han fekk sveiva over nasa og blødde. Året etter lukkast han. Foreldra, Gunvor og Nils, let han vera i båt, men avgrensinga var innom Skorpo i Storsund. Han har også gode minne frå båtturane med Gjert og Birger Myklebust.



Ørnulf har stor kunnskap om bensinmotorar, her med ein 5 HK Marna, to sylindra

I denne veka har Ørnulf med hjelp av Tore Langballe jobba båt og motor. Snekkar vart kjøpt frå Sunde i 1970 med 5 HK Marna, ein sylindra motor med vribar propell. Far til Ørnulf, Nils Mykelbust, bytte til ein to sylindra Marna. Det er ein kraftig bensinar med stort slagvolum. Snekkar er open, men med skandekk framme og bak. Det vart i si tid laga vindskjermar med kalsje, men det har Ørnulf demontert. Det er utapåleggjande ror, slik det skal vera på eldre tresnekker. Dei mest vanlege bensinmotorane i eldre snekker er Sleipner, FM og Marna. Det er enno råd å få tak i delar til desse motorane. Tore Langballe og Ørnulf har gode kontaktar i Fredrikstad om ein treng delar eller om noko skal lagast eller justerast.

Ørnulf Mykelbust jobbar til vanleg på A3 Skandinavia, eit internasjonalt selskap som produserer salamipølser. Det vart produsert 150 tonn pølse i veka. Ørnulf har arbeidet sitt i røykeriet. Før han fekk familie og flytta til Danmark, jobba Ørnulf mellom anna 8 år på Hellesøy Verft som røyrleggjar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal